



KOPI

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8345 - 21/2366

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:
15.01.2021

Løyve til endring av rammeløyve - teknisk infrastruktur - gbnr
188/741 Gjervik ytre

Administrativt vedtak: **Saknr: 065/21**
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søkjar: Norconsult AS Avd Bergen
Søknadstype: Søknad om endring av tiltak

VEDTAK

Søknad om endring av rammeløyve vert godkjent. Endringsløyvet er gitt for to endringar:

- 1. Forlenging av grøft og leidningar heilt fram til Lonelva.**
- 2. Justert trase for overvassleidning DN800 mm ved Stallane.**

Vedtaket er gitt med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a, jf. § 20-3.

Endringsløyvet er gitt i eit trinn, slik at tiltaket ikkje treng igangsettingsløyve.

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til teknisk infrastruktur i Knarvik, jf. vedtak datert 12.04.19. Endringa gjeld forlenging av grøft og ledningar heilt fram til Lonelva, samt justert trase for overvassleidning DN800 mm ved Stallane.

Det vert elles vist til søknad mottatt 26.11.20.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 26.11.20 og frist for sakshandsaming er 12 veker frå den dato.

Planstatus

Tiltaka ligg i regulert område innanfor reguleringsplanen Områdeplan for Knarvik sentrum, E39 Knarvik sentrum – oval rundkjøring og Områdeplan for Lonelva-Juvikvarden. I planane er tiltaket i hovudsak regulert innafor arealformål for Samferdsel og teknisk infrastruktur, Torg og Administrasjon.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg føre slik merknader frå eigar av gnr. 188 bnr. 114 datert 13.11.20:

«Slik overvassrøret er tegnet inn på kartet så blir den endrede plasseringen inne på det arealet som Statens Vegvesen har ekspropriert til undergang.

Vi ber om at overvassrøret plasseres så lang øst på det eksproprierte arealet som mulig for å hindre at vi får problemer ifbm senere sprengninger på tomten. En eventuell retningsendring på overvassrøret for å nå i røret på nordsiden av E39 kan vel legges under selve E39 arealet.»

Tiltakshavar har kommentert nabomerknad og opplyser at:

«Overvannsrøret med dimensjon 800 mm er allerede flyttet så langt mot øst som mulig. Det er dessverre ikke mulig å ta retningsendringen inne i E39, eller å flytte røret lenger mot øst, dette er fordi da vil røret ligge under murene på gangkulverten i langt større grad enn det allerede gjør. En ønsker å unngå å legge røret under muren, for å ha muligheten til å komme til røret seinere.

Restriksjonene på sprenging i området vest for overvannsrøret blir ikke påvirket av overvannsrøret, siden det allerede ligg konstruksjoner og bygg like i nærheten av overvannsrøret, konstruksjonene (murer og kulvert) og byggene vil trulig være dimensjonerende på hvor kraftige salver som kan nyttes ved eventuelt sprengningsarbeid på tomta vest for overvassrøret.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan GH-200, datert 11.05.20, med revisjon A datert 03.11.20.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Kommunen legg til grunn at søkar har dei nødvendige private rettighetane tiltaket krev.

Nabomerknad

Vi ser at tiltakshaver har tatt omsyn til deler av nabomerknaden. Kommunen skal ikkje vurdere dei tekniske aspekta i nabovarselet, men legg til grunn at tiltakshavar utfører arbeidet i tråd med plan- og bygningslova.

Ansvarlige foretak

Tiltaket er dekket av tidlegare innsendte erklæringer om ansvarsrett.

Tiltaksplan

Tiltaksplan som er innsendt i saka er godkjent tidlegare i sak 18/3471. Ansvarlig søker har bekrefta den som dekkande for den delen det søkast endringsløyve for.

Vi presiserar likevel at tiltakshavar er ansvarlig for at krav i mot forurensning i grunn vert tilfredsstillt, jf.byggteknisk forskrift § 9-3.

GENERELL INFORMASJON

Regelverk

- Endring av tiltak er søknadspiktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Tiltak skal nabovarslast i samsvar med pbl. § 21-3.
- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl. § 29-5.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 20/8345.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Eirik Berntsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg

Kart med inntegna data

Kopi til

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Mottakarar

Norconsult AS Avd Bergen

Postboks 1199 Sentrum

5811

BERGEN